

Lindås Kommune
v/ byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

14.10.2015

Uttale til klage frå nabo til gbnr 134/342 og 134/343

Me viser til brev frå kommunen datert 14.10.2015 vedlagt klage frå nabo datert 08.10.2015.

Om klagen frå nabo.

Av teksten framgår i hovudsak dei same merknadane som var vore fremja tidlegare.

Området er regulert til einebustader og ikkje 4 mannsbustad. Eigedomen vil tape utsikt og verdi, med eit stort ruvande bygg i front, samt langt større innsyn enn ein kan forvente.

I den vidare teksten kjem no andre argument i høve auka parkering, og at anna føretak har fått avslag tidlegare. Til slutt vert det stilt spørsmål om kvifor vedtaket i PMU ikkje samsvarar med administrasjonen sitt alternative framlegg til vedtak.

Vår vurdering

Vi har i vårt tilsvaret til den opphavslege klagen, og elles i alle dokument i dispensasjonsprosessen fremja omsynet til naboar som eit av hovudargumenta for val av løysing. Dette går både på byggplassering og ikkje minst dei grønne uteareala som vert plassert mot naboar og deira uteareal. I vår aktive dialog med dei andre naboane rundt, har alle dei andre vore positive til, og sett føremona med desse løysingane.

Plassering av regulert einebustad mot klagande nabo kjem 7- sju meter nærare, 4,5 m lengre ut på tomte, og 1m høgare enn vår 4mannsbustad. Uansett ståstad elles, kan det ikkje vere tvil om at dette vil gje mykje større tap av utsikt/gje innsyn og oppfattast meir dominerande sett frå klagande nabo sitt bygg.

Tomtene har lagt ubebygde i 30 år, og har lite attraktiv beliggenheit for einebustader.

Klagar trur kanskje at dersom vi får avslag på 4mannsbustad, medfører det at området ikkje vert bygd ut, og at dette vert liggjande "urørt" som i dag.

Med avslag på 4mannsbustad kjem vi til å bygge ut området med einebustader plassert i samsvar med reguleringsplanen. Slik løysing vil klart medføre ei vesentleg dårlegare løysing for alle naboane, som vi har vist til tidlegare.

VISJON:

HEILSKAP
OG KVALITET

Gjervik Ytre
5914 Isdalstø

Org.nr :
982 231 345

epost: post@reigstadbygg.no

heimeside: www.reigstadbygg.no

Dagleg leiar:
Geir Reigstad:
92 60 82 35
geir@reigstadbygg.no

Bygg

Fagleg leiar:
Håkon Reigstad
92 50 82 36
hakon@reigstadbygg.no

Fagleg leiar
prosjektering:
Kjell Reigstad
97 74 79 64
kjell@reigstadbygg.no

Teikning
Prosjektering,
Byggesak
Nybygg
Tilbygg
Bustad
Garasjar
Hytter

Entreprenør

Fagleg leiar
Rolf Reigstad
90 03 97 61
rolf@reigstadbygg.no

Graving,
Boring
Sprenging
Transport
Støyping
Natursteins
Muring
Uteareal
Grøntareal

Plan og Miljøutvalet har i si handsaming av saka 02.09.2015 vore på synfaring på staden, der dei ulike byggplasseringane (einebustader og 4mannsbustad) og konsekvensane av dei ulike løysingane vart vist.

Utvalet har i sitt vedtak grunngjeve dispensasjonen i høve løysing med 4mannsbustad med at:

*Det vil vera til mindre sjenanse for naboer, og meir felles uteareal.
Tiltaket vil gje god heilskap og bidra positivt for området i forhold til opphøveleg plan. Det er teke omsyn til belastning og utsikt/innsyn til naboer, og vil gje dalen ei meir open løysing. Storleik og løysing i høve uteareal er gjennomtenkt og tilfredsstillande...*

Utvalet handsama og vilkåra som vart fremja frå administrasjonen, men vurderte dei slik at dei fleste av desse ville forringe løysinga som låg føre.

Fylkesmannen har hatt saka til klagevurdering, her låg og opphøveleg klage frå nabo med og har vore ein del av den totale klagevurderinga. Fylkesmannen har ikkje kome med merknad til dispensasjonen, eller nabomerknaden/klagen som har lagt i saka.

Konklusjon

Klagen omfattar i hovudsak ein repetisjon av tidlegare argument.

Vi kan i alle høve ikkje sjå at det er kome til nye tungtvegande argument som tilseier at dispensasjonsvedtaket som er fatta av kommunen og klagevurdert av Fylkesmannen skal gjerast om.

Me ber om at vedtaket vert oppretthalde.

Med vennleg helsing
For Reigstad Bygg og Eigedom as

Kjell-A. Reigstad,
Ansvarleg søkjar